

## KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 115/2010

2015/EØS/76/87

av 9. februar 2010

## om fastsetjing av vilkåra for bruk av aktivert aluminiumoksid til å fjerne fluorid frå naturleg mineralvatn og kjeldevatn(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR,

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/54/EF av 18. juni 2009<sup>(1)</sup> om utnytting og markedsføring av naturleg mineralvann, særleg artikkel 4 nr. 1 bokstav c) og artikkel 12 bokstav d),

med tilvising til fråsegna frå Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I kommisjonsdirektiv 2003/40/EF av 16. mai 2003 om fastsettelse av listen over, grenseverdier for konsentrasjon av og krav til merking for bestanddeler i naturleg mineralvann samt vilkår for bruk av ozonanrikt luft ved behandling av naturleg mineralvann og kildevann<sup>(2)</sup> er det fastsett ein grenseverdi for fluorid i naturleg mineralvatn. Det er fastsett ein tilsvarande grenseverdi for kjeldevatn i rådsdirektiv 98/83/EF av 3. november 1998 om drikkevannets kvalitet<sup>(3)</sup>.
- 2) For at driftsansvarlege skal kunne rette seg etter desse direktiva, bør det tillatast at naturleg mineralvatn og kjeldevatn vert handsama med aktivert aluminiumoksid for å fjerne fluorid, heretter kalla «fjerning av fluorid».
- 3) Fjerning av fluorid bør ikkje medføre at vatnet som vert handsama, vert tilført restar i eit omfang som kan utgjere ein risiko for folkehelsa.
- 4) Dei rette styresmaktene bør få melding om slik fjerning av fluorid, slik at dei kan gjennomføre dei kontrollane som er naudsynte for å sikre at dette vert gjort på riktig måte.
- 5) Det bør opplysast om at fluorid er fjerna på etiketten til det handsama vatnet.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa og verken Europaparlamentet eller Rådet har sett seg imot dei —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

1. Det skal tillatast at naturleg mineralvatn og kjeldevatn vert handsama med aktivert aluminiumoksid for å fjerne fluorid, heretter kalla «fjerning av fluorid».

Naturleg mineralvatn og kjeldevatn vert heretter kalla «vatn».

2. Fjerninga av fluorid skal gjerast i samsvar med dei tekniske krava som er fastsette i vedlegget.

*Artikkel 2*

Utsleppet av restar i vatnet som følgje av fjerning av fluorid, skal vere så lågt som det er teknisk mogleg å få til med beste praksis, og skal ikkje utgjere ein risiko for folkehelsa. For å sikre dette skal den driftsansvarlege utføre og overvake dei kritiske handsamingstrinna som er fastsette i vedlegget.

*Artikkel 3*

1. Det skal meldast frå til dei rette styresmaktene minst tre månader før fjerninga av fluorid vert utført.

2. I meldinga skal den driftsansvarlege gje dei rette styresmaktene relevante opplysningar, dokumentasjon og analyseresultat knytte til handsaminga, for å vise at ho er i samsvar med krava i vedlegget.

*Artikkel 4*

Vatn som har gjennomgått handsaming med fjerning av fluorid, skal merkast med følgjande tekst i nærleiken av opplysningane om den analytiske samansetnaden: «Vatnet er handsama med ein tillaten adsorpsjonsmetode».

*Artikkel 5*

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 37 av 10.2.2010, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 69/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold) og vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 31.

<sup>(1)</sup> TEU L 164 av 26.6.2009, s. 45.

<sup>(2)</sup> TEU L 126 av 22.5.2003, s. 34.

<sup>(3)</sup> TEF L 330 av 5.12.1998, s. 32.

Produkt som vart bringa i omsetning før 10. august 2010, og som ikkje er i samsvar med artikkel 4, skal kunne marknadsførast fram til 10. august 2011.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 9. februar 2010.

*For Kommisjonen*

*President*

José Manuel BARROSO

---

## VEDLEGG

**Tekniske krav knytte til bruk av aktivert aluminiumoksid for fjerning av fluorid frå naturleg mineralvatn og kjeldevatn**

Følgjande kritiske handsamingstrinn skal utførast og overvakast på høveleg måte:

1. Før det aktiverte aluminiumoksidet vert nytta til å handsame vatn, skal det gjennomgå ein førebauende prosess som omfattar bruk av sure eller basiske kjemikalier for å fjerne eventuelle restar, og tilbakespyling for å fjerne små partiklar.
2. Det skal utførast ein regenereringsprosess med intervall på éi til fire veker avhengig av vasskvaliteten og gjennomstrøymingsmengda. Under regeneringa skal det nyttast kjemikalier som er eigna til å fjerne dei adsorberte iona med sikte på å bygge opp att adsorpsjonsevna til det aktiverte aluminiumoksidet, og fjerne eventuelle biofilmar som har danna seg. Denne prosessen skal utførast i følgjande tre fasar:
  - Handsaming med natriumhydroksid for å fjerne fluoridion og byte dei ut med hydroksidion.
  - Handsaming med ei syre for å fjerne restar av natriumhydroksid og aktivere mediet.
  - Skylling med drikkevatt eller demineralisert vatn og kondisjonering med vatnet som det siste trinnet for å sikre at filteret ikkje har innverknad på det samla mineralinnhaldet i det handsama vatnet.
3. Dei kjemikaliane og reagensane som vert nytta i den førebauende prosessen og regeneringa, skal vere i samsvar med dei gjeldande europeiske standardane<sup>(1)</sup> eller dei gjeldande nasjonale standardane for reinleiken til dei kjemiske reagensane som vert nytta i handsaminga av vatn meint for konsum.
4. Det aktiverte aluminiumoksidet skal vere i samsvar med den europeiske standarden for utlekingsprøver (EN 12902)<sup>(2)</sup> for å sikre at det ikkje vert sleppt ut restar i vatnet i eit omfang som overstig dei grenseverdiane som er fastsette i direktiv 2003/40/EF, eller dersom det ikkje er fastsett slike grenseverdier i det nemnde direktivet, dei grenseverdiane som er fastsette i direktiv 98/83/EF eller i gjeldande nasjonal lovgjeving. Det samla talet på aluminiumion i det handsama vatnet etter frigjerung av aluminium, som er hovuddelemnet i aktivert aluminiumoksid, skal ikkje overstige 200 µg/l, som fastsett i direktiv 98/83/EF. Denne mengda skal kontrollerast jamleg i samsvar med rådsdirektivet.
5. Handsamingstrinna skal utførast i samsvar med god framstillingspraksis og HACCP-prinsippa som er fastsette i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 852/2004 om næringsmiddelhygiene<sup>(3)</sup>.
6. Den driftsansvarlege skal utarbeide eit overvakingsprogram for å sikre at handsamingstrinna verkar på ein tilfredsstillande måte, særleg med omsyn til å halde ved lag dei grunnleggjande eigenskapane til vatnet og fluoridinnhaldet i det.

<sup>(1)</sup> Europeiske standardar som er utvikla av Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN).

<sup>(2)</sup> Europeisk standard EN 12902 (2004): Produkter brukt til behandling av drikkevann. Uorganiske tilsetnings- og filtreringsmaterialer.

<sup>(3)</sup> TEU L 139 av 30.4.2004, s. 1.